



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 OSLO

Kontakt saksbehandlar
Helene Medhus Skedsmo, 51568821

Oversending av områderegulering for Svandal - planID 2021003 - Sauda kommune - for endeleg avgjersle

Me syner til brev av 25.06.2026 frå Sauda kommune, der kommunestyret i Sauda den 17.06.2026 ber Statsforvaltaren i Rogaland oversende den del av områdeplan det er knytt motsegner til for endeleg behandling hjå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD), jf. plan- og bygningslova § 12-13.

Statsforvaltaren si oversending

I høve til rundskriv H-2/14 kapittel 3.2 kjem her framstilling av saka og prosessen.

1. Kort om planprosessen og kven som har motsegn

Oppstart av planarbeidet vart varsla i desember 2021. Planen har vore tema på regionalt planforum to gonger, i møte 14.12.2021 og 21.09.2022. Områdeplan for Svandal var på høyring i perioden 31.03.2023 – 23.05.2023. Planen er ein omfattande plan for vidare utvikling av skidestinasjonen med tilhøyrande fritidsbustader og service- og aktivitetstilbod. Planområdet er på totalt 5747 dekar, og legg til rette for om lag 500 nye fritidsbustader, inkludert 70 som er regulert i tidlegare reguleringsplanar. 80-100 av fritidsbustadane skal vere utleigeeiningar. Planen inneheld i tillegg skitrasear og skiheiser, skiløyper, bevertning, gondolar, turstiar, parkering mv.

Ved høyring fremma NVE og Statsforvaltaren motsegn til planen. Motsegna frå NVE vart seinare løyst. Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet uttala seg til planforslaget med bakgrunn i villreininteressa i området (Skaulen Etnefjell villreinområde) og gjekk i mot den omfattande planen for utbygging av hytter og turisme i Svandalen i Sauda.

Statsforvaltaren fremma, jf. pbl. § 5-4 og rundskriv T-2/16, motsegn til «*anlegg for stasjonsbygg og bevertning BAA7, gondoltrase #2, ziplinetrase #13, turveg TV9 og skianlegg vest for Svandalselva/ovanfor der skiheis #5 sluttar. Dette med bakgrunn i konflikt med kartlagde naturtypar, at tiltaket opnar for aktivitet og ferdsle og meir heilårsbruk inn i eit vidare nesten urørd hei- og fjellområde med villreinomsyn*», jf. vår oppsummering i brev om samordna statlege motsegner dagsett 23.05.2023. I tillegg hadde me ei rekke faglege råd som kommunen i all hovudsak har teke omsyn til.



Planforslaget var på ei ny høyring i mai 2025, kor det var gjort diverse endringar. Statsforvaltaren gav fråsegn til denne i vårt brev dagsett 12.06.2025. Denne høyringa tok ikkje sikte på å løyse motsegna Statsforvaltaren hadde fremma knytt til konflikt med naturtypar og villreinomsyn, jf. brev av 23.05.2023, men innebar fleire endringar knytt til mellom anna faglege råd me hadde gitt.

Det har vore fleire dialog-/drøftingsmøte med kommunen. Mekling fann stad 17.06.2025. Det blei ikkje funne ei løysing på motsegnene til planforslaget frå Statsforvaltaren i Rogaland.

Områdeplanen blei lagt fram for annangongs-behandling 15.09.2025, men Kommunestyret vedtok å sende områdereguleringa ut på ei ny avgrensa høyring. I oktober 2025 fremma Mattilsynet og Statsforvaltaren i Rogaland motsegn mot nokre av endringane, mellom anna knytt til massehandtering (SF) og omsyn til drikkevatt (Mattilsynet). Desse vart seinare løyst med begge instansane, i samband med ei siste høyring i april 2026.

2. Kva motsegna som vert send over no gjeld

Det er Statsforvaltaren si motsegn av 23.05.2023 som no vert send over til KDD for endeleg behandling.

Statsforvaltaren fremma, jf. pbl. § 5-4 og rundskriv T-2/16, motsegn til «*anlegg for stasjonsbygg og bevertning BAA7, gondoltrase #2, ziplinetrase #13, turveg TV9 og skianlegg vest for Svandalselva/ovanfor der skiheis #5 sluttar. Dette med bakgrunn i konflikt med kartlagde naturtypar, at tiltaket opnar for aktivitet og ferdsle og meir heilårsbruk inn i eit vidare nesten urørd hei- og fjellområde med villreinomsyn*», jf. vår oppsummering i brev om samordna statlege motsegner dagsett 23.05.2023.

Me siterer dei mest sentrale avsnitta i frå vårt høyringsbrev som gjeld motsegnene:

«Skianlegg (ISA), gondol, ziplinetrase

Me syner til våre innspel under «Naturmangfald, konsekvensutgreiing» knytt til omsynet til naturtypar, villrein mv.

*I øvre del av planområdet er samla belastning på økosystemet, naturtypar og truga artar ikkje forenleg med å ta vare på naturverdiane. Dette er nasjonalt viktige naturverdiar. Med bakgrunn i konflikt med kartlagde naturtypar, at tiltaket opnar for aktivitet og ferdsle inn i eit vidare nesten urørd hei- og fjellområde med villreinomsyn, og at føreslått gondol, ziplinetrase og turveg TV9 opnar for meir heilårsbruk, fremmer Statsforvaltaren med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 (revidert februar 2021) kap. 3.6 **motsegn** mot gondoltrase #2, ziplinetrase #13, skianlegg ISA4 og ISA5 vest for Svandalselva, det vil seie alle tiltak over kote 700, der skiheis #5 sluttar.*

Skaulen-Etnefjell villreinområde ligg i Suldal, Sauda og Etne kommunar i Rogaland og Vestland fylker. Det er 468 km² stort og består av to fjellområde. Natur- og klimatilhøve i området gir rike sommarbeite og marginale vinterbeite¹. I kommunedelplanen frå 2008 låg det inne moglegheit for tiltak inn i villreinområdet. Sidan 2008 har det kome ny informasjon om villreinbestanden som mellom anna har ført til ei nedgradering på norsk raudsliste for artar i 2021 (frå livskraftig til nær trua). Villrein er avhengig av store, samanhengande fjellområde. Desse områda er under aukande press som følgje av arealbruk og menneskeleg ferdsel i og omkring fjellområda. Dei er fragmentert grunna utbygging av infrastruktur som bygging av veg, jernbane og vasskraft. Villrein er ein sky art som unngår å bruke område der menneske ferdast. Det er nå igangsett større arbeid nasjonalt for å betre tilhøva for villrein i Norge. Det blir arbeidd

¹ Villrein.no. [Skaulen Etnefjell | Villrein](#) (henta 16.05.2023)




med ei Stortingsmelding og det er sett i gang arbeid med tiltaksplanar for nasjonale villreinområde. Dette etter at det vart gjennomført ei klassifisering (kvalitetsnorm for villrein). Det er planlagt klassifisering etter kvalitetsnormen av Skaulen-Etnefjell hausten 2023.

Som me skriv over så vil bygging av gondol og zip-line frakte folk inn i eit område som per i dag er lite nytta. Sjølv om området ikkje er mykje brukt av villrein no, så har det vært nytta tidlegare og slike randområde kan bli viktigare framover ved endra klima. Vidare er det å hindre ny fragmentering av leveområda for villrein viktig for å ta vare på bestanden. Jf. naturmangfaldlova § 9 så skal føre-var-prinsippet nyttast der det gjerast vedtak om tiltak som medfører risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.»

«Kombinerte føremål BAA6 og BAA7

BAA7 er regulert til kombinert føremål for stasjonsbygg og bevertning med maks BYA 600 m² på Ramnaffjellnuten, med tilhøyrande funksjonar som lager, kontor, toalett/garderobe, jf. føresegn 4.1.12.5. Det går fram av planskildringa s. 38 at sidan teknisk infrastruktur i området er avgrensa i området, vil det vere tale om ei forenkla løysing når det gjeld kafé/bevertning, med til dømes transporterering av ferdig førebudd mat frå Djuvsbotn som blir frakta opp med gondolen.



BAA7 med tilhøyrande omsynssone H560_3 (sort omriss).
Naturtype i lilla.

BAA7 er planlagt i eit område som nå er kartlagd gjennom naturtypekartlegging. Det ligg i sin heilskap i eit område med nær truga naturtype «Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra» av moderat kvalitet (NINFP2210101593). Like aust for sjølve bygget er det registrert truga naturtype «Kalkfattig og intermediær snøleie» (NINFP2210100474) av moderat kvalitet, denne er markert med omsynssone bevaring av naturmiljø H560_3. Det er gitt føresegn til omsynssonen i § 5.2.1 bokstav b) om at naturverdiane innanfor omsynssonen skal bevarast og takast omsyn til.

Med bakgrunn i konflikt med kartlagde naturtypar, at tiltaket opnar for aktivitet og ferdslar inn i eit vidare nesten urørt hei- og fjellområde og saman med føreslått gondol #2, ziplinetrase #13 og turveg TV9 opnar for

meir heilårsbruk, fremmer Statsforvaltaren med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 (revidert februar 2021) kap. 3.6 **motsegn** mot BAA7.»

Våre innspel til «Naturmangfald, konsekvensutgreiing» når det gjaldt naturtypar og villreinomsyn var følgjande:

«Naturmangfald, konsekvensutgreiing

Ved Ramnaffjellnuten er det i stor grad urørt natur med få fysiske inngrep og ekstensivt beitepress. Området heng saman med eit større fjellheiområde i vest, som i stor grad er fri for tekniske inngrep. Tiltaket sin karakter, jf. KU, er av ein slik art at det vil medføre både direkte beslag, men også indirekte forstyrningar ved at hensikta er auka ferdslar i område der dagens påverknadsgrad er lågare dess høgare i



terrenget ein kjem. I dei øvre områda er det gjort registreringar av fjellhei og snøleiar, og under dette blei det funne førekomstar av boreal hei.

Søkeområdet er på om lag 1960 dekar, og naturtypekartlegginga og vegetasjonsvurderinga er gitt 1 dag, 8. september 2022 jf. KU rapport. Det kan vere tilstrekkeleg i høve til naturtypar om det er gode tilhøve, gjort godt forarbeid og er enkle natursystem. Derimot å søke over eit slikt areal etter raud-lista artar kan vere i snauaste laget. Det er ikkje nemnt noko om det er gjort differensiert søk. Ut ifrå rapporten har det tilsynelatande vore fokus på karplantar. Andre artsgrupper som lav og mosar er ikkje nemnt anna enn til hovudgrupper. Ei differensiering av søk etter raudlista artar eller ansvars-artar er ikkje nemnt som ein del av usikkerheita ved KU-arbeidet, dvs. kartlegginga eller vurderingar av lokalitetskvalitet.

Rapporten har nemnd avgrensing mellom ulike naturtypar som ein usikkerheit i kartlegginga, og i samband med det skriv Rådgjevande Biologar AS at ei justering i avgrensinga mellom naturtypane vil ha mindre betydning for konsekvensvurderinga, då begge naturtypane har raudlistestatus. Ein slik vurdering manglar heilt med omsyn til artsobservasjonar, og særleg i høve til artsgrupper som kanskje ikkje er kartlagd.

Til dømes for snøleiet «Ramna fjellnuten sørøst» er det ikkje registrert raudlista artar, jf. faktaark. Derimot er det fleire raudlista moseartar som er aktuelle å finne i slike habitat, jf. Artsdatabanken. Dersom ein finn ein sårbar (VU) raudlista art, t.d. *Andreaea blyttii*, som ein kan forventa å finne i området, så vil det endre lokalitetskvaliteten til figuren og eventuelt konsekvensvurderinga. Det blir difor problematisk at det ikkje er gjort betre undersøkingar, eller er meir spesifikke omtale av kva som er undersøkt. Det er viktig at det i ein KU blir spesifisert kva som er undersøkt. Det er ikkje å forventa at alle er spesialistar på alt, men det må inkluderast kva som er undersøkt og korleis dette skapar usikkerheit for vurderingane av konsekvensar. Det betyr at for denne figuren så må me ha ei forståing av at lokalitetsvurderinga må tolkast som minst «moderat lokalitetskvalitet», og at dette må synleggjerast i vurderingane av konsekvensane.

Tilsvarende vil «Mot Ramna fjellnuten» som kalkfattig og intermediaær fjellhei, leside og tundra, jf. fakta-ark, også få endra status om ein finn ein raudlista art, sjølv nærtruga artar vil gjere utslag. Da må ein vurdere i kva grad manglande vurderingar av artsgrupper kan påverke resultata. Me merker at for denne naturtypen er det avvik mellom tilstandsvurderinga i faktaarket og tilstandsvurderinga slik den er omtalt i KU-rapporten. Me tenkjer at området bør vurderast til stor verdi slik KU-rapporten argumenterer for.

Under tilgrensande fjellheiområda er det registrert boreal hei. Dette er hei-vegetasjon under tregrensa som vert heldt open med ekstensivt beite. For denne figuren er naturmangfaldet vurdert som lite, jf. KU, og moderat, jf. faktaark. Rådgjevande Biologar si vurdering er basert på manglande funn av raudlista artar, lite areal og få kartleggingseiningar. Arealet oppmålt er 556 760 m², jf. faktaark. Det er i tillegg registrert to kartleggingseiningar, og ingen raudlista artar er nemnd. Å plassere naturtypen som «moderat» er korrekt om ein vurderer planavgrensinga som avgrensing for naturtypen. Om ein vurderer flyfoto og ser på strukturar både innafor avgrensa areal og utanfor planområdet, så er det openbart at naturtypen naturleg strekk seg utover planavgrensinga. Det er ikkje urimeleg å anta at naturtypen si utbreiing kan vere dobbelt så stor mot søraust i influens- og planområdet. Denne usikkerheita er ikkje nemnd i KU, og kva konsekvens ei slik usikkerheit får for konsekvensvurderingane er ikkje drøfta. I samband med fjellheia så syner KU-en til samanhengande areal med naturtypen på utsida, men ei slik vurdering manglar for boreal hei. Det er klart at det vil kunne medføre endringar i verdivurderinga.

Boreal hei, fjellhei og snøleier er naturtypar som er svært sårbare for inngrep. Snøleier har ofte eit tynt jorddekke, og marklaget kan vere ustabil, slik at sjølv liten ferdsel vil kunne medføre slitasje-skader. Snøleier er vegetasjon som toler at snø blir liggande lenge utover sommaren, dermed er vekstsesongen relativt kort. Med ein kombinasjon av kort vekstsesong og slitesvakt vegetasjons-dekke vil eit snøleie vere



utsett for slitasjeskader sommarstid. Det betyr at dei områda som er inkludert i planområdet er svært utsett for både direkte og indirekte negativ påverknad frå tiltaket. Dette er naturtypar som i dag er raudlista og er under sterkt press frå mellom anna utbygging av hyttefelt og tiltak som fremmer ferdsel. Ein gondolheis vil medføre ei heilårsdrift til området, og det opnar for at areal innover heia blir lettare tilgjengeleg for ferdsel, i tillegg så er det planlagt taubane (zipline) og gang- og sykkeltrase ned frå Ramnaffjellnuten. I tillegg til å påverke naturverdiane, så vil det medføre ei endring i landskapet, med drastiske endringar i vegetasjonen i skiløypetraseane.

Det høgareliggende platóområdet er eit villreinområde (Skaulen-Etnefjell). Villrein er ein raudlista norsk ansvarsart, og det er eit pågåande arbeid og stort fokus på å sikre leveområda og bestandane. Utviding av anlegg opp i fjellheia vil både direkte og indirekte fortrenge villrein i området. Me ser med særleg stor bekymring på indirekte konsekvensar som følger av at området i vesentleg større grad blir gjort tilgjengeleg, særleg i form av nyare aktivitetsformer, som til dømes kiting. Dei negative konsekvensane vil ikkje berre påverke villrein, men også anna sårbart fugle- og dyreliv på høgfjellet, blant annet skoghøns.

I [rettleiar H-2528 Planlegging av fritidsbustader](#) (Kommunal- og distriktsdepartementet, september 2022) står det på s. 24:

«Leveområda til villreinen er ofte attraktive hytte- og friluftsområde. Villreinen blir både påverka av arealbeslag frå fritidsbustadane og av ferdsel og anna aktivitet som følgjer med bruken av fritidsbustadane. I område med villrein utgjør menneskeleg ferdsel frå hyttene, og tilrettelegging av vegar og stiar inn i høgfjellsområda, den største negative påverknaden på villreinstammane».

På s. 25 heiter det at «Ved planlegging av fritidsbustader bør følgjande prinsipp leggjast til grunn»:
«Unngå ny fritidsbusetnad som gjev negativ konsekvensar for villrein. »

Mindre delbestander av villrein kan bli av særleg stor betydning sett i lys av det pågåande sjukdoms-bilete. Isolerte bestandar kan gå klar sjukdom og vere ein viktig genbank dersom sjukdom medfører at ein bestand døyr ut og må reintroduserast. Villreinen har i dei seinare åra ikkje oppheldt seg i dette fjellområdet ettersom dei vandra nordover. Det viktigaste er likevel å sikre leve- og funksjons-områda slik at føresetnadene også i framtida er til stades for at bestanden skal kunne ta seg opp.»

3. Overordna plangrunnlag og tidlegare planer for området

Gjeldande kommuneplan for Sauda

Utsnitt frå kommuneplan for Sauda 2019-2031² er synt i illustrasjon på neste side. Plankartet ligg digitalt i kommunen sitt planarkiv og plankart følgjer også med oversendinga som vedlegg.

Området kor me har fremja motsegn ligg markert som område for LNFr spreidd næring.

Føresegnene til kommuneplanen, jf. side 15 i føresegnene³, seier følgjande for området avsett til LNFr spreidd næring i Svandal:

«Areal er sett av ved heisområde i Svandal for å sikra framtidige behov for tilpassingar tilknytt heisanlegg.»

Føresegn § 5.4 LNFr spreidd næring (Alpinanlegg), jf. § 11-7 nr. 5B seier:

² [arealplaner.no | 2018001 > Plandokumenter](https://arealplaner.no/2018001/Plandokumenter)

³ [Planbestemmelser KPA 2019-2031.pdf](#)




«Kommuneplan viser sonar for utviding av eksisterande skianlegg med heistrasear, nedfartar og serviceanlegg. Vidare utvikling av alpinområdet skal styrast gjennom detaljregulering.»

Området ligg også inne i omsynssone H560 Villreinområde Skaulen-Etnesfjell, jf. kartutsnittet under. Retningslinene for området går fram av § 7.8 til kommuneplanen si arealdel, og lyd slik:

«Omsynssone H560 Villreinområde Skaulen-Etnesfjell § 11-8 c

Innanfor omsynssone H560 skal villreinens interesser prioriterast i arealforvaltning og sakshandsaming. Etablering av nye stiar og løypetrasear skal vurderast lagt utanom dei til ulike årstider mest sårbare villreinareala. Ved vurdering av planar, tiltak og ved eventuelle interessekonfliktar i området, skal dette avklarast gjennom konsekvensutgreiing basert på faglig oppdatert kunnskap om villrein.»



Kartutsnitt frå Svandal i gjeldande kommuneplan. Motsegnsområdet merka i raud sirkel, avsett til LNFr-spreidd næring (S4). Leveområde villrein med raudgul skravur. Omsynssone H560 Villreinområde Skaulen-Etnesfjell ligg med svart skråstilt skravur, og er noko mindre enn det viste leveområdet.

Planhistorikk

I åra 2007-2008 blei det utarbeidd ein Kommunedelplan for Svandalen 2008-2020. Fylkesmannen i Rogaland hadde planen på høyring og fremja motsegn mellom anna til fleire av områda for fritidsbustader og framtidige skitrekk til Varanuten og Kufonndalen, mellom anna av omsyn til INON-område, villreinomsyn, landskapsverdiar mv (vår saksref. 2007/1739). Gjennom dialog, drøfting og endringar frå kommunen fann saka si løysing, og områda for LNFr spreidd næring med opning for skitrekk og føresegn om seinare regulering blei akseptert. Det går fram følgjande av brev etter drøftingsmøte 05.05.2008:



«Fylkesmannen har hatt ei intern drøfting av spørsmålet etter møtet, og det er konkludert med at det er ønske om ein vidare dialog med utgangspunkt i kompromissforslaget frå kommunen.

Fylkesmannen har i utgangspunktet hatt eit ønske om å få presentert ei betre visualisering av aktuell skitrekktrase, med tilhøyrande omtale og vurdering av konsekvensar i forhold natur-, landskaps- og friluftstema som blir påverka. I tillegg til omtale av naudsynte tekniske inngrep, er det særleg viktig å få fram i kva grad støy og ev. lys vil påverke kringliggande naturområde. Ettersom S4 og S5 er opplyst å vere alternative trasear, der berre eit trekk vil bli realisert, er det ønskjeleg at ei prioritering mellom traseane blir gjort som del av nåverande planprosess.

Vi har etter møtet fått presentert ei skisse til løysing frå kommunen, som vedlegg til e-post datert 08.05.2008. Fylkesmannen har kome til at arealet i kartskissa gir grunnlag for å trekke motsegna på dette punkt. Det aktuelle området blir vist som LNF- spreidd erverv, som aktuelt område for eitt skitrekk. Vi føreset at det blir laga ei "synlighetsvurdering" av ulike alternativ for skitrekk i det avmerka området. Dette må vere ein del av grunnlaget for reguleringsplanen.»

Så vidt me kjenner til, blei kommunedelplan for Svandal seinare innlemma i kommuneplanen sin arealdel. Me er ikkje kjend med at det har vore behandla nokre endringar knytt til LNF- spreidd områda for moglege alpinanlegg seinare. Når det gjeld tal og storleik på hytter i Svandalområdet, så har dette vore tema i seinare kommuneplanrevisjonar. Føringsane for fritidsbustader generelt og i Svandal konkret går fram av føresegnene til kommuneplanen § 2.3 og Strategi for fritidsbustad og arealtabell for hytteområde, jf. s. 10-11 i kommuneplan for Sauda 2019-2031⁴.

Statsforvaltaren har vorte utfordra av kommunen om denne tematikken gjennom dialogmøte. I møte den 16.12.2024 blei det stilt spørsmål til grunnlaget for innsigelsen knytt til skianlegg, då området både i kommunedelplanen for Svandal og gjeldande kommuneplan har vært satt av til skianlegg. Det blei også synt til ei sak frå Etne kommune og ei avgjersle gjort av Statsforvaltaren i Vestland. Dette blei diskutert i møtet, men Statsforvaltaren i Rogaland gav også ei skriftleg tilbakemelding til kommunen i etterkant, jf. brev av 12.06.2025. Når det gjaldt tematikken kring moglegheita for å fremje motsegn mot eit område som tidlegare var avklart med omsyn på framtidig alpinanlegg, viste me til plankravet og omsynssone § 7-8 i KPA og svarte vidare følgjande:

«Gjennom arbeidet med områdeplan har det kome fram ny kunnskap om naturtypar i området i og rundt Ramnaffjellnuten og Svandalen. Det er registrert naturtype «Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra (NT)» (NINFP2210101593) og «Kalkfattig og intermediær snøleie (VU)» (NINFP2210100474) rundt Ramnaffjell. Vidare nedover, frå Botnadr til Botnatut er det registrert «Boreal hei (VU)» (NINFP2210100490). Alle desse naturtypeane er svært sårbare for inngrep, jf. vårt brev av 23.05.2023.

Statsforvaltaren har gjennom vår fråsegn akseptert ei rekke tiltak i områdeplanen som også inneber inngrep i kartlagt og verdifull natur, til dømes stasjonsbygg BAA6 og skiheis #3 mot Botnanut og skiheis #5, #9 og #10. Det er heller ikkje innvendingar til auke i tal hytter totalt sett i området i høve til det kommuneplanen for Sauda 2019-2031 la opp til.

Nasjonale føringar for villreinomsyn og natur

Det har dei seinare år kome stadig auka fokus på villreinområda, jf. føringar om fritidsbustader og villreinområde i rettleiaren til Kommunal- og distriktsdepartementet frå 2022 om planlegging av fritidsbustader. St. meld. 18 (2023-2024) fremmer også regjeringa sin politikk for å forbetre tilhøva for villrein i Noreg, der det mellom anna går fram at det er eit mål å stoppe den negative utviklinga i villreinområda. Regjeringa har i sine forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, jf.

⁴ [Planbestemmelser KPA 2019-2031.pdf](#)



pkt. 58, klare forventningar om at villreinen sine leveområde bli sikra og følgt opp i den kommunale planlegginga. Villreinomsynet er også presisert i dei nyleg vedtekne [Statlege planretningslinene for arealbruk og mobilitet](#) pkt. 3.8, og trekk fram at det skal vere høg terskel for inngrep i villreinen sine leveområde. Omsynet til villrein gjekk fram av motsegnsrundskriv T-2/16 kap. 3.6 i 2023 når me skreiv motsegna vår. Omsynet til villrein er vidareført i [revidert motsegnsrundskriv frå mai 2025](#), no i kap. 3.8, med følgjande ordlyd:

«målet om en helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet, som innebærer at det skal være en høy terskel for inngrep i villreinens leveområder, jamfør Innst. 374 S (2023–2024), Meld. St. 18 (2023–2024), og Kvalitetsnormen for villrein, jamfør forskrift 23. juni 2020 nr. 1298»

I oktober 2024 kom dei ei [tolkingsuttale frå Kommunal- og distriktsdepartementet](#) kring spørsmålet om moglegheta for å fremje motsegn til planar i strid med nasjonale interesse som har blitt skjerpa sidan gjeldande plan vart vedteken. Departementet konkluderer med følgjande:

«Departementet har kommet til at tiårsfristen i plan- og bygningsloven § 5-5 ikke er absolutt, da det kan være adgang til å fremme innsigelse dersom det, etter at den gjeldende planen ble vedtatt, har kommet nye styringsdokumenter som det nye planforslaget ikke følger opp.»

Summen av desse føringane og ny kunnskap kring naturtypar i området inneber at me framleis meiner det er nasjonale og vesentleg regionale omsyn knytt til natur og villrein i området som gjer grunnlag for våre motsegner til følgjande tiltak i områdeplanen, jf. vår motsegn av 23.05.2023:

«anlegg for stasjonsbygg og bevertning BAA7, gondoltrase #2, ziplinetrase #13, turveg TV9 og skianlegg vest for Svandalselva/ovanfor der skiheis #5 sluttar.»»

4. Behandling av saka i kommunen

Det går fram av dei føregåande punkta kva ulike høyringar med vidare det har vore i samband med behandling av områdeplan for Svandal.

Kommunestyret i Sauda hadde områdeplan for Svandal til annan gongs-behandling i sak 051/2026 i møte den 17.06.2026. Saka hadde i forkant vore til behandling i Eldrerådet, Ungdomsrådet, Funksjonsnedsettes råd og Utval for areal, næring og kultur. I saksframlegget er det referert til saksframlegget frå (første) annan gongs-behandling (15.09.2025), mellom anna knytt til vurdering av naturmangfald og naturmangfaldlovvurdering, og følgjeleg har me også lagt med dette som vedlegg.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak i møte den 17.06.2026 var følgjande:

«1. Med hjemmel i plan- og bygningsloven § 12-12 vedtas følgende forslag til områderegulering:
a. Områderegulering for Svandalen, med arealplan-ID 2021003, vist på plankart sist revidert 13.05.2026.
b. med tilhørende reguleringsbestemmelser datert 11.05.2026


2. Innsigelsene til Statsforvaltaren i Rogaland datert 23.05.2023 tas ikke til følge. I henhold til plan- og bygningslovens § 12-13 oversendes den del av områdeplanen det er knyttet innsigelser til Statsforvaltaren i Rogaland for videre oversendelse til Kommunal- og distriktsdepartementet for endelig avgjørelse.»

Det går fram av protokollen at det blei sett fram forslag til alternative vedtak som blei nedstemt. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak, jf. saksframlegg/protokoll:



«1. Med hjemmel i plan- og bygningsloven § 12-12 vedtas følgende forslag til områderegulering:
a. Områderegulering for Svandalen, med arealplan-ID 2021003, vist på plankart sist revidert 13.05.2026.
b. med tilhørende reguleringsbestemmelser datert 11.05.2026
2. Innsigelsene til Statsforvaltaren i Rogaland datert 23.05.2023 tas ikke til følge. I henhold til plan- og bygningslovens § 12-13 oversendes den del av områdeplanen det er knyttet innsigelser til Statsforvaltaren i Rogaland for videre oversendelse til Kommunal- og distriktsdepartementet for endelig avgjørelse.»

Forslaget blei vedteke med 15 mot 4 røyster.



Kartutsnitt områdeplan Svandal, planID 2021003 vedteken 17.06.2026. Motsegnsområdet i vest som «grått» areal mellom Smalanuten og Ramnafjellnuten, merka i raud sirkel.

Vedteke plankart utan motsegnsområdet og føreseger følgjer oversendinga, og ligg også digitalt i kommunen sitt digitale planarkiv⁵. Der går det også fram at planen vart kunngjort 25.06.2026.

5. Forholdet til andre spørsmål som må sjåast i samanheng med saka (konsesjonar, tiltaksarbeid, løyver etter anna regelverk el)

På generelt grunnlag må det seiast at det har vorte eit betydeleg auka fokus på villrein og det å betra leveområda for villrein i Noreg sidan 2008 då området for framtidig alpinområde kom inn i kommunedelplan for Svandal. Dei siste 5-6 åra har det skjedd mykje, gjennom kvalitetsnorm for villrein, Stortingsmelding om villrein og arbeid med tiltaksplanar for villreinområda⁶. Villreinomsyn er tydeleg trekt fram som ei nasjonal interesse gjennom til dømes [rettleiar om planlegging av fritidsbustader](#) (KDD, 2022), [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-](#)

⁵ [arealplaner.no | 2021003 > Plandokumenter](https://arealplaner.no/2021003/Plandokumenter)

⁶ [Villrein - regjeringen.no](https://villrein-regjeringen.no)



[2027](#) og [Statleg planretningsline for arealbruk og mobilitet](#) av 24.01.2025. Også motsegnrundskriv T-2/16 pkt. 3.8 trekk fram at det skal vere høg terskel for inngrep i villreinen sine leveområde. Planområdet går inn i Skaulen-Etnefjell villreinområde. Skaulen-Etnefjell blei i 2023 klassifisert til dårleg kvalitet etter at delnorm 1 (bestandforhold) og 3 (leveområde og menneskeleg påverknad) blei satt til dårleg kvalitet og delnorm 2 (lavbeiter) blei satt til middels kvalitet.⁷

Miljødirektoratet sendte ei tilråding til Klima- og miljødepartementet i juni 2026 om at det skal bli utarbeida tiltaksplan for dette villreinområdet, og at Statsforvaltaren i Rogaland skal stå for utarbeidinga.

6. Drøfting og mekling

Drøftingsmøte

Det har vore gjennomført to dialog-/drøftingsmøte med Sauda kommune. Eitt møte fann stad 08.01.2024. Det andre fann stad 16.12.2024. Møtereferat frå begge møta er vedlagt oversendinga.

Mekling 17.06.2026

Det blei gjennomført meklingsmøte i saka den 17.06.2025. Der møtte følgjande deltakarar:

Sauda kommune

Håvard Handeland	ordførar
Aud Hege Jørgensen Hebnes	folkevalgt Høyre
Vegard Birkeland Rød	folkevalgt Senterpartiet
Aina Olene Tveit	konstituert kommunedirektør
Roger Birkeland	kommunalsjef Næring og samfunn
Elin Brekke	einingsleiar plan og forvaltning
Heidi Saua	rådgjevar/sakshandsamar

Statsforvalteren i Rogaland

Bent Høie	statsforvaltar/meklar
Cathrine Stabel Eltervåg	fylkesmiljøvernssjef
Helene Medhus Skedsmo	seniorrådgjevar plan (landbruksavdelinga)
Tina Eltervåg	seniorrådgjevar plan (miljøvernavdeling)
Marita Skorpe Falnes	plankoordinator/meklingssekretær

Tema for meklinga var motsegn frå Statsforvaltaren i Rogaland til områdeplan for Svandal, planID 2021003 i Sauda kommune. Motsegna var knytt til alle tiltak over kote 700, vest for Svandalselva, og var gitt av omsyn til ivaretaking av naturverdiar, og særleg leveområde for villrein. Etter ei innleiinga frå begge partane, var desse punkta viktige for partane i meklinga, jf. meklingsprotokollen:

«Sauda kommune:

- *Kommunen har som utgangspunkt at området ikkje er urørt. Det er allereie inngrep og tiltak i området, og ca. 500 besøker Ravnafjell kvart år.*
- *Kommunen er heller ikkje samd i at gondolen og resterande tiltak opnar for auka ferdsel lengre inn i villreinområdet. Det blir vist til terrengtilhøve på staden, og at det ikkje er enkelt å komme frå Ravnafjell og vestover i området. Heat-map frå Strava underbygger kommunen sin påstand, og viser at det er svært avgrensa ferdsel i området utanom traséen opp og ned frå Ravnafjell. Dette*

⁷ [Klassifisering av 14 ikke-nasjonale villreinområder etter kvalitetsnorm for villrein. Første klassifisering – 2023 - Nasjonalt vitenarkiv](#)



gjeld både vinter og sommar. Utsikten på toppen er målet med turen, anten ein går til fots eller tek gondol opp.

- Kommunen er samd i at auka tilrettelegging vil føre til fleire besøkande, men altså ikkje over eit større område enn i dag. Ravnafjell er ein relativt lett tilgjengeleg topp allereie i dag. Ein ny gondol i området, med tilrettelegging for bruk og ferdsel i området, kan betre styre kvar folk ferdast, enn viss ein ikkje gjer tilrettelegging i området.
- Nye hytter og skiheisar i området kan utviklast utan ny gondol, men ei av hovud-målsettingane med planarbeidet er å utvikle Svandalen til ein heilårsdestinasjon. Gondolen er eit viktig element i denne utviklinga. Det er gondolen frå Djuvsbotn til Ravnafjell som legg til rette for ny og ønska aktivitet i området, og denne er ei føresetnad for utvikling av nye aktivitetar i området. Heilårsbruk i området vil redusere sårbarheita som er i dag som følge av sesongvariasjonar. Heilårsbruk i Svandalen vil vere positivt for næringslivet i Sauda, også utanfor sjølve Svandalen.
- Finansieringsmodellen for gondolen er tett knyta opp mot tal på hytter i Svandalen. Gjennom denne finansieringsmodellen sikrar ein at finansiering av gondolen ikkje er like avhengig av høge besøkstal.
- Kommunen er samd i at ein ikkje kan føresjå utviklinga i tal på besøkande, men at dette og kan gå motsett veg av det Statsforvaltaren fryktar. Dei viser til gondolen på Voss som er stengd tre dagar i veka sommarstid, fordi det ikkje er nok besøkande til å forsvare ei dagleg drift.
- Vidare viser kommune til at det blir drive aktiv forvaltning av Skaulenstammen av villrein. Til dømes er det arbeid med oppgradering av høgspenlinjer i villreinområdet, og i den samanheng er det føringar for stopp av arbeid når villrein er i området. Forslagsstillar bak gondolen i Svandalen har sagt seg villig til å ha tilsvarende føringar for drift av gondolen.
- Kommunen er og villig til å diskutere andre avbøtande tiltak som kan redusere belastninga på sårbare naturtypar på vinterstid, til dømes føringar for kor mykje snø som må ligge før ein kan starte nedising, trakking og preparering av løyper i området. Konkret foreslo kommunen å leggje inn føresegn om at slikt arbeid ikkje kan starte før det ligg 1,5 meter med snø, med mål om å redusere slitasten på natur. Andre avbøtande tiltak som blei foreslått var avgrensing av aktivitet i kalvingsperioden, redusere grunnflate på stasjonsbygg, betre kanalisering av ferdsel til turveg og forbod mot sykkelbruk i området.
- Kommunen viste også til at det i arbeidet med utredningsprogrammet for ny kraftleidning mellom Sauda og Blåfalli blei spelt inn ønskje om å vurdere tunnelløysing for ein avgrensa del av strekningen, mot Etne. Hensikten var å skjerme viktige naturverdiar i det same villreinområdet som blir råka av områdeplanen. Dette forslaget blei ikkje tatt til følge av Statnett, som la større vekt på økonomiske vurderingar enn på nasjonale føringar for bevaring av leveområde for villrein. Kommunen stilte derfor spørsmål ved om slike føringar berre er gjeldande for kommunale utviklingsprosjekt – eller om dei også skal leggjast til grunn for statlege tiltak.

Statsforvaltaren:

- Statsforvaltaren peiker på at det kan vere vanskeleg å føresjå framtidig bruk av området før dei nye tiltaka er gjennomført. Statsforvaltaren si vurdering er at det er eit betydeleg potensiale for auka ferdsel i området viss ein bygger gondol til Ravnafjell. I dag må folk ferdast til toppen til fots, og dei fleste er ferdige med turen der. Ein gondol skapar eit nytt startpunkt.
- Sjølv om det er tiltak i området i dag (antennemast) har ikkje desse tiltrekkingskraft på besøkande, men det vil ein gondol og kafeteria ha. Kommunen sine tal for anslag på besøkande i framtida seier 50 000 på vinter og 12 500 på sommar. Dette er ei betydeleg auke frå dagens besøkstal.
- Det er ny kunnskap om sårbare naturtypar i området. Ferdsel til fots om sommaren, og vinterbruk med nedising og preparering av løyper vil ha negativ konsekvens for naturtypane.
- Statsforvaltaren har i prosessen etterlyst utgreiing av eit mellomalternativ. Planforslaget si konsekvensutgreiing tek for seg full utbygging og eit nullalternativ med utgangspunkt i dagens



utforming av området. Kva ville eit alternativ utan utbygging over kote 700/vest for Svandalselva betydd, både for dei råka verdiane i området, og for næringslivet og drifta i området?

- Det er eit betydeleg auka fokus på ivaretaking av villreinen sine leveområde. Målsetninga for Skaulen-Etnefjell villreinområde er middels tilstand. I dag er området klassifisert som dårleg. Det er ikkje utarbeida tiltaksplanar for forvaltning av dette villreinområdet enno. Fragmentering av området er medverkande til dårleg tilstand, og nye tiltak som gjev ytterlegare fragmentering er uheldig. Grunna klimaendringar og endra arealbruk må villrein i større grad ta i bruk randområda i villreinområda. Det er derfor viktig å ta vare på desse områda, trass i at kvaliteten i dag ikkje er optimal, og området er lite brukt av villrein dei siste åra.»

Konklusjonen i meklinga vart slik, jf. meklingsprotokollen:

«Meklinga førte ikkje fram. Statsforvaltaren ser kommune sine forsøk på å kome motsegnene i møte med avbøtande tiltak, men etter ei samla vurdering opp mot dei sterke nasjonale føringane som er gitt for å unngå inngrep i villrein sine leveområde og generelt i urørt natur, blir motsegna oppretthaldt. Statsforvaltaren er og veldig usikker på kva verknad tiltaka vil ha på ferdsl i området. Sjølv om kommunen meiner det er naturleg at ferdsl vil skje i dei same områda som i dag, er Statsforvaltaren av den oppfatning at det er eit betydeleg potensial for auka ferdsl inn i villrein-området. Med dette som grunnlag blir det og vist til føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9. Statsforvaltaren peiker på at dei har strekt seg langt i denne saka ved å akseptere eit stort tal nye hytter og fleire skiheisar som også rårar viktige naturområde.

Kommunen har forståing for Statsforvaltaren sine ansvarsområde, men understrekar at dette er eit vanskeleg resultat for kommunen. Kommunen oppfattar at Statsforvaltaren på sett og vis har «mekla ferdig» saka si før mekling ved å akseptere ei rekke tiltak, og ikkje gitt rom for forhandling med kommunen.»

7. Fylkeskommunen si uttale

I samband med at Statsforvaltaren fekk Sauda kommune sitt brev om oversending av sak til departementet den 25.06.2026, blei me klar over at det ikkje var sendt kopi til Rogaland fylkeskommune, jf. rundskriv H-2/14 punkt 3.1. Me gjorde Sauda kommune merksame på det, og bad dei samstundes sende orientering også til Villreinnemnda for Hardangervidda-området sidan saka gjeld villreinomsyn. Sauda kommune sendte brev, som me fekk kopi av, til dei aktuelle. Det var sett ein frist for å koma med eventuelle supplerande fråsegn til Statsforvaltaren innan 17.08.2026.

Me har pr. dags dato ikkje motteke nokre slike supplerande innspel. Dersom det kjem på eit seinare tidspunkt, skal me syte for å sende det over til departementet.

Rogaland fylkeskommune har gitt totalt fire høyringsinnspel i samband med områdeplan for Svandal. Desse er dagsett høvesvis 23.05.2023, 16.06.2025, 29.10.2025 og 04.05.2026 og følgjer oversendinga. Det har ikkje vore fremja motsegner frå Rogaland fylkeskommune til områdeplanen. I fråsegna av 23.05.2023 hadde dei mellom anna fagleg råd om å ta ut øvre del av gondolen. Me siterer følgjande frå deira høyringsbrev:

«Gjennom arbeidet med kommuneplan for Sauda ble det enighet om at Svandalen skiller seg fra andre områder for fritidsbebyggelse, og at det kunne tillates større hytter og i praksis større påvirkning på landskapet. Kravene i områdereguleringsplanens bestemmelser er i tråd med føringen fra kommuneplanen. Fylkesdirektøren vil likevel fremme **faglig råd** om at det i planen kan sikres mer variasjon i hyttestørrelser, primært en større andel mindre hytter, for å nå forskjellige typer kjøpere. Dersom kommunen styrer dette bedre vil det kunne gi plass til noe flere hytter.



Basert på illustrasjonene som følger planen framstår felt H9 som dominerende i landskapet. Delfeltene innenfor H9 skal detaljreguleres på et senere tidspunkt, og fylkesdirektøren understreker derfor at landskapsvirkningen vil måtte tillegges stor vekt i den prosessen.

*Av naturinngrep peker fylkesdirektøren på at toppunktet på gondolen vil berøre områder som potensielt kan brukes av villrein. Etableringen av gondol vil i vesentlig grad forenkle adkomst til disse områdene. Av hensyn til mulig belastning på villrein fremmer fylkesdirektøren **faglig råd** om at øvre del av gondolen tas ut av planen.*

Områdereguleringen viser at Svandalen vil få en stor utbygging når planen er realisert. Store naturområder er ofret for å realisere tidligere og framtidig utbygging. I det videre arbeidet må kommunen ta høyde for at det ikke kan påregnes vesentlige utvidelser i framtiden. Foreslåtte utvidelse av bebyggelse i Svandalen tøyer grensene for områdets tåleevne. Framtidig utvikling bør skje som fortetting i allerede planlagte eller utbygde områder. Det bør være et tema for planen vedtas.»

8. Vurdering av prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Det er i samband med planforslaget utarbeidd ei konsekvensutgreiing (KU) for villrein, «Konsekvensar for villrein ved bygging av gondol m.m i Svandalen i Sauda» av NaturRestaurering, august 2022.

Det er også utarbeidd ei KU for naturmangfald, «Konsekvensutredning av naturmangfold og klima» av Rådgivande Biologar AS, rapport 3805, dagsett 02.12.2022.

Villrein

KU for villrein har to tilnærmingar, nemleg kor vidt 1) villreinen ikkje kjem tilbake til området eller 2) om villrein blir reetablert naturleg eller gjennom utsetting. Ved første tilnærming er konsekvensgrad sett til «Ubetydeleg miljøskade» og ved andre tilnærming er konsekvensgrad sett til «Noe/betydelig miljøskade». Samla konsekvens ved tilnærming 2 er samanfatta slik, jf. KU s. 10:


«Tilrettelegging for mer helårsaktivitet høyer i terrenget og utbygging av opp mot 300 hundre fritidsboliger og økning i ferdsel vil komme i kombinasjon med eksisterende kraftlinjer, flere hundre fritidsboliger og bebyggelse, samt veier, utmarksbeite, kraftutbygging m.m. Utbyggingene i Svandalen vil kun i liten grad bidra til fysisk bit-for-bit-utbygging av selve villreinområdet, men i kombinasjon med eksisterende inngrep og forstyrrelser kan planlagte utbygginger medføre merkbar negativ konsekvens for en eventuell fremtidig villreinstamme (primært gjennom mer ferdsel).»

Samla konsekvensgrad er sett til «Middel negativ konsekvens».

Naturtypar

I følge KU for naturmangfald så er den samla konsekvensen for planområdet knytt til naturverdiar vurdert å vere stor negativ for naturmangfald. Det er i høve til tabellen på s. 5 sett konsekvens «Alvorlig miljøskade» for delområde 1 Botnadm til Botnanut, delområde 2 Mot Ramnafjellnuten og delområde 5 Ved Svandalselva.

Det er delområde 1 og delområde 2 som er særleg relevant for motsegna Statsforvaltaren har fremma motsegn knytt til naturmangfald, nemleg til dei øvre områda med fjellhei og snøleie og boreal hei.



Kartutsnitt temakart Rogaland. Vedteken områdeplan Svandal, motsegnsområdet og NiN-kartlegging

Det er registrert naturtype «Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra (NT)» ([NINFP2210101593](#)) og «Kalkfattig og intermediær snøleie (VU)» ([NINFP2210100474](#)) rundt Ramnafjell. Vidare nedover, frå Botnaden til Botnatut er det registrert «Boreal hei (VU)» ([NINFP2210100490](#)).

Me vurderer at kunnskapsgrunnlaget i saka er tilstrekkeleg og godt, men med merknad knytt til underestimering av naturtypene, jf. under.

§ 9 Føre-var-prinsippet

Kunnskapsgrunnlaget i saka er vurdert å vere tilstrekkeleg og godt, og soleis blir ikkje føre-var-prinsippet i nml. § 9 aktuelt i tradisjonell forstand med omsyn på mangel på kunnskapsgrunnlag. Likevel ønskjer me å løfte fram våre merknadar til KU, der vurderingane av naturtypene sin verdi må sjåast på som systematisk underestimert. Dette heng saman med at det ikkje er tilstrekkeleg søkt etter raudlista artar, og at det ikkje er teke inn naturtypene sin naturlege utbreiing, men ein avgrensing gitt planavgrensinga.

Den største usikkerheita i planforslaget er knytt til villreinområdet og dei konsekvensane ein gondol, bevertningsområde, skitrasear mv vil kunne ha for villrein, jf. vurderingane i KU, med omsyn på kor vidt det er pårekkneleg at området vil bli teke i bruk av villrein igjen, anten naturleg eller ved utsetjing. Motsegna knytt til villrein er til dels ei «føre-var-motsegn». Det er sterke nasjonale føringar knytt til det å ikkje forringe leveområda for villrein. Arbeidet med å betre tilhøva for villrein og deira leveområde i Norge må følgjast opp av ei svært restriktiv tilnærming til nye tiltak i villreinområda, sjølv i dei områda som er lite brukt av villrein i dag.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Påverknad på eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for.

Inngrep i området over kote 700 har me vurdert vil gje alvorleg eller irreversibel skade på viktige naturtypar som kalkfattig og intermediær snøleie (VU) med moderat kvalitet og god tilstand, kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra (NT) av moderat kvalitet og moderat tilstand og boreal hei (VU) av høg kvalitet og god tilstand. Vidare kjem omsynet til villrein (NT) og leveområde for arten. I overgang til raudlista av 2025 er dei ulike variantane av snøleie vurdert som sterkt truga (EN), naturtype fjellhei, leside og tundra er oppgradert til sårbar (VU). Boreal hei har endra namnsetting i



NiN 3.0 som ligg til grunn for sist revisjon av Norsk raudliste. Det næraste er naturtypen avskoga hei som er vurdert som sterkt truga (EN), jf. Artsdatabanken.

I eit økosystem-perspektiv er fjellområde svært utsett for skade og slitasje, og reetableringsevna til økosystema er svakare. Det vil seie at reetablering av økosystem-funksjon og integritet etter inngrep/påverknad er lengre. Dette har samband med dei fysiske tilhøva som mellom anna gir ein kortare vekstsesong. Slitasjeskade på naturtypar er ein vesentleg fare i høgfjellet. Med eit gondolanlegg vil ein lage eit knutepunkt for ferdsel i området. Ut ifrå slike knutepunkt er det pårekeleg med slitasje i nærleiken, samt at det etter kvart blir nye turstiar med vesentleg høgare ferdsleintensitet enn det som er tilfellet i dag. Ved dagens tilstand er Ramnafjellnuten eit toppurtmål, medan med gondolbane vil det bli eit startpunkt for turar i ein vidare krins. Det er planlagt ferdsletrykk heile året, og slitasje og fortrenging av mark og dyreliv vil dermed bli ei reell økosystembelastning som følge av planlagt tiltak. Ei fortrenging av fugl og dyreliv vil vere naturleg for eit område når det er forventa auka ferdsel og aktivitet. Ferdsel og aktivitet vil også påverke områda vest for Ramnafjellnuten sjølv om dagens ferdselsåre vestover går i dalføret nord for Ramnafjellnuten. På grunn av at planavgrensinga, og dermed naturtypekartlegginga, er mindre enn det arealet som vil bli påverka av auka ferdsel, så er det knytt ei viss grad av usikkerheit til vurderingar av økosystemtilnærming lokalt.

Me syner elles til dei vurderingane me gav i vår fråsegn av 23.05.2023, jf. «Naturmangfald, konsekvensutgreiing» som er teke inn på s. 3-5 i dette brevet.

Leveområda for villrein (NT) er under press frå fleire hold. Det er sterke nasjonale føringar knytt til det å ikkje forringe leveområda for villrein, og tiltaka planen legg opp til i motsegnsområdet inneber ei bit-for-bit-nedbygging og inngripen i villreinområde som det er sterkt fokus på å forbetre.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar

Dette er fyrst og fremst relevant i det tilfellet området blir frigitt til det føremål kommunen har ønskje om, til dømes gjennom tiltak og kostnader som er naudsynt for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Under meklinga vart det frå kommunen si side presentert moglegheita for til dømes å ha føringar for stopp i arbeid når det er villrein i området. Det vart også sett frem moglegheit for andre avbøtande tiltak som kunne redusere belastninga på sårbare naturtypar vinterstid, til dømes kor mykje snø som må liggje før ein kan starte nedising, trakking og preparering av løyper i området. Kommunen føreslo til dømes at det kunne tas inn føresegn til planen om at slikt arbeid ikkje kunne starte før det ligg 1,5 meter snø. Det blei også føreslått avgrensing av aktivitet i kalvingsperioden, reduksjon av grunnflate på stasjonsbygg, betre kanalisering av ferdsel til turveg og forbod mot sykkelbruk i området.

Statsforvaltaren i Rogaland fann ikkje at forslaga til avbøtande tiltak som kommunen presenterte under meklinga var tilstrekkelege til å kunne løyse motsegna. Det skuldast fleire forhold. Mellom anna var det enkelte av forslaga me var usikre på om kunne heimlast i plan- og bygningslova, eller i alle tilfelle denne åleine. I og med området ikkje er nytta av villrein i dag, så er til dømes ikkje redusert aktivitet i kalvingsperioden noko reelt avbøtande tiltak. Og i alle tilfelle vil auka aktivitet ikkje leggje tilhøva til rette for villreinen til å ta området i bruk igjen. Forslaget om minste snødjupne før preparering vil vere svært årsavhengig og vanskeleg å kontrollere. Og sjølv om reduksjon av inngrep (reduert stasjonsbygg, forbod mot sykkel) skulle vise seg å redusere konsekvensane noko



av omsyn på naturtypar, så vil det ikkje ha avgjerande betydning av omsyn til å opne for nye tiltak inn i villreinområdet og auka ferdsle inn i området.

Vurderinga av teknikkar og driftsmetodar er først og fremst relevant i det tilfellet områda blir frigitt til dei føremåla kommunen har ønske om.

9. Statsforvaltaren si samla vurdering av saka og tilråding om vedtak i saka

Som det går fram av det ovanståande har me fremja motsegn ut i frå nasjonale interesse knytt til det å ivareta omsynet til truga naturtypar og nært truga art (villrein) og denne sitt leveområde, jf. motsegnsrundskriv T-2/16 pkt. 3.8. Statsforvaltaren tilrår at departementet tek motsegna til følgje.

Oversending av saksdokument

I høve til rundskriv H-2/14 pkt. 3.3 går det fram at det ved omfattande saker bør vurderast om det er naudsynt å sende over alle saksdokumenta til departementet.

I denne saka har det vore fleire høyringsrundar, der dei tri siste etter vår vurdering ikkje har avgjerande relevans for behandling av motsegna som blir sendt over.

Me har valt å løyse dette ved at det ved denne oversendinga blir lagt ved alle dokument i saka knytt til oppstartsvarsel, første høyringsrunde, alle våre skriv i saka, fylkeskommunen og statlege instansar sine høyringsinnspel, referat frå drøftings- og meklingsmøte og andre brev det er referert til i dette oversendingsbrevet. I tillegg kjem vedteken plan, inkludert føresegner, plankart og planskildding, protokoll frå kommunen si endelege behandling og gjeldande kommuneplan for Sauda kommune, inkludert eit kartutsnitt av kommuneplanen kor motsegnsområdet er merka av. Me har etter beste evne ordna dokumenta i kronologisk rekkefølge og med ei nummerering av filane/vedlegga.

Dokumenta knytt til høyringsrundane som har vore undervegs i saka ser me som nemnd ikkje behov for å sende over til departementet, då dei kan skiljast frå det saka konkret gjeld no. Dersom departementet likevel ønskjer dette tilsendt, må de gjerne ta kontakt, så vil me ettersende desse. Det same gjeld dersom departementet i sitt arbeid med saka finn at det er trong for andre dokument eller opplysningar.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Cathrine Stabel Eltervåg
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg:

- 1 1.0_Planvarsel plan-ID 2021003 områderegulering aktivitet- og servicetilbudet fritidsboliger 10_1, 11_1, 12_79 m.fl. Svandal Sauda
- 2 1.1_Uttale varsel plan-ID 2021003 områderegulering aktivitet- og servicetilbudet fritidsboliger 101, 111, 1279 m.fl. Svandal Villreinnemnda
- 3 1.2_Fråsegn - varsel om oppstart for områdeplan 2021003 Svandalen, 101, 111, 1279 m.fl. Sauda SFRO
- 4 1.3_Uttale plan-ID 2021003 områderegulering aktivitet- og servicetilbudet fritidsboliger 101, 111, 1279 m.fl. Svandal NVE
- 5 1.4_Uttale varsel oppstart plan-ID 2021003 aktivitet- og servicetilbudet fritidsboliger 101, 111, 1279 m.fl. Svandal Rogfk_kultur
- 6 1.5_Uttale varsel oppstart plan-ID 2021003 områderegulering Svandal Rogfk_plan
- 7 2.0_Referat regionalt planforum - plan-ID 2021003 områderegulering Svandal
- 8 2.1_Referat planforum 21.09.22 - områdeplan Svandalen
- 9 3.0_Til uttalelse - høringsbrev off ettersyn - Sauda plan-ID 2021003 Svandal_2023
- 10 3.1_Planskildring, rev. 100323
- 11 3.2_Plankart A0, datert 10 03 2023
- 12 3.3_Føresegner, rev 10 03 2023
- 13 3.4_VA-rammeplan, datert 130223
- 14 3.5_KU av naturmangfold og klima Av Rådgivende biologer, datert 22.12.2022
- 15 3.6_KU for Villrein av Naturrestaurering AS, datert august 2022
- 16 3.7_Arkeologisk rapport av Rogaland fylkeskommune, datert 10 10 2022
- 17 3.8_Kartlegging av reiselivet i Sauda av Menon Economics, datert 21.12.2020
- 18 3.9_ROS skjema, datert 13.02.2023
- 19 3.10_Skredfarekartlegging Djuvsbotn av Sweco, datert 140704
- 20 3.11_Trafikkanalyse av Omega Areal, datert 13 02 2023
- 21 3.12_Tilbakemelding på trafikkanalyse RFK, datert 13.10.2022
- 22 3.13_Oversiktstegning VA, datert 13.02.2023
- 23 3.14_Rycon AS. Vurdering av Djuvsbotnvegen med vedlegg, datert 130123
- 24 3.15_Vegtegninger H9, datert 100323
- 25 3.16_Illustrasjonsplan - prinsippskisse H9 A3, datert 10 03 2023
- 26 3.17_Illustrasjonsplan - prinsippskisse A3, datert 10 03 2023
- 27 3.18_Utsnitt av 3Dmodell, datert 10 03 2023
- 28 3.19_Overordna Sol- og skyggediagram, datert 10 03 2023
- 29 3.20_Innkomne merknadar og uttalelser til oppstart
- 30 3.21_Saksframlegg. Områdeplan for Svandal, 1.gangs behandling, Sauda
- 31 4.0_Uttale - offentlig ettersyn - Sauda plan-ID 2021003 områderegulering aktivitet- og servicetilbud fritidsbustader Svandal_SFRO
- 32 4.1_Motsegn frå NVE - offentlig ettersyn - Sauda - plan-ID 2021003 - områderegulering aktivitet- og servicetilbudet fritidsboliger Svandal
- 33 4.2_Samordna statleg uttale_motsegn - områdeplan Svandal, planID 2021003
- 34 4.3_Uttalelse - offentlig ettersyn - Sauda plan-ID 2021003 områderegulering aktivitet- og servicetilbudet fritidsboliger Svandal_Rogfk_veg
- 35 4.4_Uttalelse - offentlig ettersyn - Sauda plan-ID 2021003 områderegulering aktivitet- og servicetilbudet fritidsboliger Svandal_Rogfk_plan
- 36 4.5_Uttalelse - offentlig ettersyn - områderegulering Svandal Sauda - Villreinnemnda
- 37 4.6_Uttalelse - Sauda plan-ID 2021003 områderegulering aktivitet- og servicetilbudet fritidsboliger Svandal_NJFF
- 38 5.0_Møtereferat dialogmøte Statsforvalteren og Sauda kommune 08.01.24



- 39 5.1_Anmodning om dialogmøte - innsigelse - Sauda plan-ID 2021003 områderegulering aktivitet- og servicetilbudet fritidsboliger Svandal_041124
- 40 5.2_Møtereferat dialogmøte_16.12.24 - SFRO og Sauda kommune - innsigelse på Områdeplan Svandal
- 41 5.3_Oppfølgingspunkt fra dialogmøte - besøkstall_e-post 06.06.25
- 42 5.4_Tilbakemelding etter dialogmøte_SFRO- motsegn og villreinomsyn - reguleringsplan - Sauda plan-ID 2021003 områderegulering Svandal
- 43 6.0_Fråsegn SFRO - endringer_høyring_nr2 - reguleringsplan - Sauda - områderegulering Svandal - planID 2021003
- 44 6.1_Kopi - NVE trekker innsigelse - reguleringsplan - Sauda plan-ID 2021003 områderegulering Svandal_høyring2
- 45 6.2_Uttalelse_Rogfk - høring 2 - endringer - områderegulering Svandal planID 2021003
- 46 7.0_Protokoll frå mekling - Sauda plan-ID 2021003 områderegulering aktivitet- og servicetilbudet fritidsboliger Svandal
- 47 8.0_Uttalelse_NVE - høring og offentlig ettersyn - reguleringsplan - Sauda - områderegulering Svandal - planID 2021003_høyring3
- 48 8.1_Fråsegn_SFRO - avgrensa høyring - endringer områdeplan - Sauda plan-ID 2021003 områderegulering Svandal_høyring3
- 49 8.2_Innsigelse_Mattilsynet - begrenset høring - reguleringsplan - Sauda - områderegulering Svandal_høyring3
- 50 8.3_Samordna statleg fråsegn - motsegner - avgrensa høyring - endringer områdeplan Svandal, plan-ID 2021003_høyring3
- 51 8.4_Uttalelse_Rogfk - endringer - begrenset høring - reguleringsplan - Sauda - områderegulering Svandal - planID 2021003
- 52 9.0_Fråsegn_SFRO - avgrensa høyring - revidert løysing - Sauda - områderegulering Svandal - planID 2021003_høyring4
- 53 9.1_Uttalelse - innsigelse imøtekommet_Mattilsynet - reguleringsplan - Sauda - områderegulering Svandal - høyring4
- 54 9.2_Uttalelse_NVE - høring - revidert løsning for Djuvsbotn - reguleringsplan - Sauda - områderegulering Svandal - høyring4
- 55 9.3_Uttalelse_Rogfk - avgrenset høring - reguleringsplan - Sauda - områderegulering Svandal - høyring4
- 56 10.0_Vedtak - deler av områderegulering - reguleringsplan - Sauda - områderegulering Svandal - planID 2021003
- 57 10.1_Andregangs behandling områdeplan Svandal_Sauda kommune_170626
- 58 10.2_Forslag til plankart samlet for hele planområdet datert 130526
- 59 10.3_Forslag til plankart uten motsegnsområde - datert 130526
- 60 10.4_Føresegner vedteken 17062026
- 61 10.5_Planskildring, Områdeplan 2021003 Svandal
- 62 10.6_Merknadsskjema datert 08.05.2026
- 63 10.7_ROS-analyse - oppdatert HRP 08.05.2026
- 64 10.8_Plankart uten motsegnsområde, vedteke 17062026
- 65 10.9_Andregangs behandling områderegulering Svandalen_15.09.25
- 66 11.0_Oversendelse av områdeplan Svandal for videre behandling av innsigelse
- 67 11.1_Bekrefter mottatt oversendelse - videre behandling av innsigelse - reguleringsplan - Sauda - områderegulering Svandal - planID 2021003
- 68 11.2_Kopi - orientering oversendelse innsigelse videre behandling - områderegulering Svandal - Sauda - planID 2021003
- 69 12.0_KPA_2022 Sauda kommune
- 70 12.1_KPA 2022-utsnitt - områdeplan Svandal - avgrensing innsigelsesområde



71 12.2_Planbestemmelser KPA Sauda 2019-2031 rev2022

Kopi til:

Sauda kommune

Postboks 44

4201

Sauda

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger